

Gardsnamnet **Ånnstad**

Det har i seinare år rådd skepsis mot personnamnbaserte gardsnamntolkingar, især slike som vedkjem *staðir*-namn. Ei sak for seg er kor mange av dagens gardsnamn på -sta(d) som med urette er plasserte i sistnemnde kategori.

Gardsnamnet **Ånnstad** i Ibestad, Sortland, Hadsel og Moskenes er blant dei tydeleg problematiske. Dei eldste namneformene (stort sett mellomnorske) for garden i Ibestad viser at Ånnstad er oppfatta som ei samansetting med mannsnamnet Arni, som også kunne ha *lang* a (Árni). Som Rygh sjølv seier det, "en ganske anden Lydutvikling av Navnet har man i det sammensatte Fjordnavn **Astafjorden**", eldre skriveform (i) Arnastadafyrde ol. Uttaleslitasjen er her som for **Asterset** i Bø, eldre Arnsteinset.

Men tilbake til Ånnstad: Det er problematisk at namnet i alle fire tilfelle blir uttalt med kort *å*, vi ville vente 'ajnnsta' med kort *a* dersom gno. **Arni** låg til grunn. Dialektforma Ådne for gno. **Árni** fanst i flg. Norsk Personnamnleksikon sør for Sogn og Valdres mens det så vidt eg veit ikkje er spor etter nokon nordlegare variant "å:ne *med palatal n* i skriftlege kjelder. Det er altså tvilsamt at ein slik variant har eksistert, og like tvilsamt er at gardsnamnet Ånnstad har fått ein opphavleg lang *å* forkorta etter overgangen *á*>*å*.

Åne med lang *å* og *ikkje-palatal n* er etter folketeljinga 1801 ikkje utbreidd (men heller ikkje uvanleg) i Nordland og Troms. Namneberarane er visst både samar og nordmenn; av sistnemnde treng ikkje alle *å* vere fødde i landsdelen. Det ligg elles nær *å* oppfatte Åne som ein variant av namnet som i same manntal står som **Ånet** og **Åneth** (norsk Anund, gno. Qnundr), frå Vefsn i sør til Lebesby i nord og der ei samisk tilknytning oftast er klar. Uvisst er om dette historisk seine Åne heng saman med det norrøne mannsnamnet Áni, men i alle tilfelle vart det oppfatta som meir norsk og "stuereint" enn Ånet(h).

Eg skriv med overlegg gardsnamnet som Ånnstad for å framheve poenget *kort å*, fullt merksam på tradisjonell skrivemåte Ånstad. Men det blir gale kva finger du skjer deg i, for Ånnstad er jo i strid med vanlege rettskrivingsreglar: Skal uttale og skriveform harmonere, er *onnstad skrivemåten som kjem nærast, men då er vi ute på jordet i dobbel meining.

Dessutan er mange av dei overleverte skriveformene av Ånnstad-namnet iallfall for Nordland sitt vedkommande så avvikande at det er uforståeleg korleis mannsnamnet Árni og endå mindre Arni kan vere opphavet: Ånnstad i *Moskenes* er skrive Oudinnstad og Oudenstad 1567 (ulikt Onndestad 1610), enn vidare Euestad 1647, Effuenstad 1667 og Evenstad 1723. Som Rygh seier: "I senere Tid sees det at være misforstaaet, som om det var sammensat enten

med Auðun eller med Øyvindr".

Ånnstad-gardane i *Hadsel* er på liknande måte kalla både Aanistaid, Ondistad og Vndistad 1567, Unnestad, noch aff Unnestade 1611, Vnnestad og Aunstad 1614. For garden i Sortland og i Ibestad har eg færre skriveformer å bygge på, og eg er klar over at fleirtalet av skriveformer i NG for *Ibestad* sitt vedkommande går i retning av mannsnamnet Arni. Men dei refererte avvikande skriveformene frå Hadsel og Moskenes peikar like tydeleg i retning av ein uttale med diftongen *au*, som i desse og mange liknande tilfelle i røynda vart skriven *ou*, *u*, *ov*, *v*, *ow*, *wo*, eller òg *eu-*, *ev-*, *effue-* *mm*, alt etter tid, skrivarhand og kjeldetype.

Langt sørvest i Øksnes kommune ligg **Ånnfjorden**, vel kjent for folk som fer langs stranda på tur til og frå Bø, sjølv om langtfrå alle bryr seg om kva namn fjorden har, eitt mindre spekulerer på kva namnet tyder. Elles går fjorden i skrift oftast for "Auenfjord", men den diftongerte skriveforma dukkar opp først på 1800-talet og har ikkje same vekt som skriveformene for Ånnstad i Hadsel og Moskenes. På Melchior Ramus' kartskisser frå 1689 vantar både Ånnfjorden og alle småfjordane på motsett side, dei gjer eit sprang frå eidet Ryggefjorden - Jørnfjorden i vest og til eidet "Eidsfiord" (les Bjørndalsfjorden) - Skjærfjorden i aust. Det var då heller ikkje det enklaste stykket geografi å lage kartskisse over! Men dei to eida Ramus tar med, har alltid vore viktigare farvegar enn Ånnfjorden.

Ånnvika i Sømna (gnr. 28 i det gamle Brønnøy) har, ulikt Ånnstad-gardane, ein nokså stø skrivetradisjon med *And-* frå 1567 av, vel å merke etter NG å dømme. Kva namnetolking gjeld, har vi ikkje meir å vise til enn Rygh: "vel *Arnavík, sms. med Mandsnavnet Arni".

Som nemnt er, dei avvikande skriveformene for Ånnstad i Hadsel og endå meir Ånnstad i Moskenes etterlet tvil. Vil derfor nemne eit uttalefenomen som har vore utbreidd i Bø, nemleg *diftongert uttale av kort o og ø* så som i odd(e), skodda, lodda (fisk) så vel som i dogg, vogga, varmlauen for -logen, gås-bauen for -bogen (= fuglen spoe), Lauen for Logen (eit no tørrlagt vassfar) o.a. Dette uttalefenomenet er drøfta av Hallfrid Christiansen (hf III: 157 flg), som presiserer at slik diftongering skjer framfor palatal n, d og l, men også i andre stillingar (jfr. B. Martinussen: 9).

Særleg interessant i denne samanheng er dømet *bøujnn* (tillempa skrivemåte) for *bojnn* = *born*, som Christiansen vel hentar frå Ragnvald Iversen (Senjenmaalet:39). Ei svale gjer rett nok ingen sommar, men i vidare samanheng er dette ingen uviktig detalj når vi jamfører med former som *bødn* frå Valdres

og Hallingdal og *bunn* frå Setesdal (Norsk Ordbok b. 1).

På Dønna finst eit elvenamn **Gonna** ('gån̥næ), gno. *gorn* f "tarm": Merk at same ord i Breim i Sogn og Fjordane er uttalt som *gaunne* (palatal n) i ein- og fleirtalsform.

Ikkje mindre interessant er at ordet *fonn*, gno. *fonn* f "skavl, snø" på landsbasis opptre i dialektformer *fōdn* og *fōynn* og *fōydn*, så vel som *faunn* og *faudn*. Mi meining er at nettopp ein tidlegare uttale *faunn* for *fonn* må vere grunnen til at Fonn- i gardsnamna **Fonndalen** og **Fonnøyra** gnr 18 og 19 i Meløy på heile 1600-talet og til dels seinare med blir skrive Fun-, Funn- og Funnd-. Dei skreiv av etter kvarandre, det er så, men berre ein eldre uttale *Faunn-* med au kan forklare dei fordanska (forenkla) skriveformene med u.

Overgang *rn>nn* utan diftongering opptre i stadnamna sms. med gno. *for*n "gammal", så som **Forngammen** i Evenes og **Fornhusvollen** i Skjerstad, for ikkje å gløyme det klart meir avspora **Fornaustan** (fållnøustan) i Hadsel og Øksnes der (palatal) *nn* + vanleg *n* i -naustan ikkje går godt saman. Eg meiner det må vere rett å normalisere alle desse namna til Forn- for få fram kva ord det eigentleg er tale om, jf Fornebu, fornminne ol.

Vi aner at diftongeringsfenomenet må ha ovra seg i mange ord og på mange stader - over lang tid - for så å tape seg på grunn av nornerande og systematiserande påverknad frå tale- og skriftspråk.

På grunn av dei refererte skriveformene reknar eg med at namna på Ånn- i lange tider også fanst med parallelle uttaleformer *Aunn-* (*Øunn-*, *Eunn-*), også den tid med palatal *nn*. Det kan òg forklare skriveforma *Auenfjord* for *Ånnfjorden*, då diftongeringa som sagt kom i *kort vokal* (o og ø) framfor palatal.


Vi kunne vel tenke oss at gardsnamna (og fjordnamnet) kom av fuglenamnet *ørn*, det vil seie at gno. *orn* kanskje også fanst med ein uttale **øujnn*? Men stoda er faktisk den at *ørn* i stadnamn så vel som i vanleg tale overalt held oppe lydsambandet *rn*, motsett *bjørn*, *tjørn* og fleire andre ord som har fått uttale med palatal *nn* og tendens til diftongering etterpå.

Kva så med *Qrn* nytta som *mannsnamn*, som ei sideform til *Arni*? Her ligg svaret ferdig i nannelitteraturen: "Disse to Mandsnavne kunne ikke adskilles i Sammensætninger; *Qrn* forekommer forøvrigt forholdsvis sjeldnere og kan i den senere Middelalder neppe sikkert paavises i Norge" (Rygh 1901: 10).

Vi får til så lenge la den floken ligge og prøve eit anna grep: Finst det ein

topografisk sannemnar for lokalitetane som heiter noko på Ånn- (åjnn-)?

Slåande er at vi på alle desse stadene finn markerte dalsenkningar eller passasjar tett ved vedkommande gard, motsett fjellgarden elles i det same området. For Ånnstad i Hadsel og Sortland og Ibestad er dette tilhøvet udiskutabelt. Ånnstad i Hadsel ligg i ei amfi-liknande utviding av landskapet med relativt vid dalopning ovanfor, i kontrast til nabogarden Ongstad. Ånnstad i Sortland ligg nær skardet som skaper overgang til Holmstaddalen frå sør, og karakteristisk for botnen av Ånnfjorden er to overgangar til fjordane på hi sida. Ånnstad i Moskenes ligg for sin del på ein landstrimmel som er inngangen til det runde Ånnstadvatnet tett innafor. Ånnvika i Sømna utgjer ein naturleg vegpassasje vestover til Vik.



Sortland sett frå Maurnes. Ein regneling fyller Holmstaddalen. På nordsida av dalbotnen midt i biletet ser vi den aksel-liknande Ånnstadblåheia (Ånnstad-garden er hitom).

Kor fører så dette oss språkleg? Etter mi tru har vi å gjere med gno. *qnd* f, ikkje i meininga *and* (fugl) eller *ande* (pust), men i den særlege tydinga "forstove, gang", i same tyding som *anddyri* "Forstue, Forgaard, det foran Indgangen til Huset værende Rum, = fordyri" (Fritzner). Stadnamn på Qndgår i så fall på den plassering desse gardane har i forkanten av ein dalfor-

masjon (med el. utan vatn), som dei oppfatta som eit ope rom, som hovud- delen av eit hus der sjølve garden ligg i eller nær inngangen.

Dette må vere svært alderdommelege nannelagingar der meininga tidleg vart fordunkla, jamfør latinsk *antae* "freistehende tempelwände, die einen vorbau bilden" så vel som gammalirsk *átá* "rahmen einer tür" (de Vries o.a.).

Ordet har same gno. eintalsform som *qnd* f "and" (fugl) og *qnd* f "ande, pust; ånd, sjel". Systemrett skulle vi då vente genitiv eintal *andar*, i mellomnorsk helst redusert til *anda-* (samanfall med gno. genitiv fleirtal). Dette med tanke på det geografisk utrygt plasserte 'af Andastader' nemnt i Aslak Bolts jordbok (frå Moskenes el. Hadsel). Nær Skotnes i Buksnes ligg **Annstadheia**, ein fjellformasjon som har passasjar og skard på alle kantar, så garden kan like snart ha lege i det området.

Eit anna gardsnamn interessant i samanhengen er **Åndervåg** nord på Andørja (Rygh har òg ein uttale Aunner- med palatal n): At dette namnet og øy- namnet Andørja heng i hop på eitkvart vis er opplagt, jfr Norske Gaard- navne, men like klart minner Åndervåg om Ånnstad i Moskenes: Begge ligg framfor eit vatn på ei landstripe mellom fjella. Utenkeleg kan det ikkje vere at dette Ånder- går tilbake på ei sideform til det før nemnte gno. anddyri.

Diftongeringstendensen må ha dukka opp etter palataliseringa av konsonant- sambanda *rn*, *nd*, ei palatalisering som er sjølve føresetnaden for diftonge- ringa. Dessverre gjorde begge lydovergangane det vanskelegare å forstå kva som låg i namna opphavleg.

Denne mi drøfting av Ånnstad-namna mm. kunne saktens gått djupare og m.a. drøfta kasus- kontra stonmkomposisjon, men det kan vente. Eg ser fram til at nytolkinga òg blir prøvd på Ånnstad- og Annstad-namn i sør. Utfallet er ikkje gitt, men sikkert er at vi i alle tilfelle bør sjå etter topografiske særtrekk, same kor innarbeidde personnamntolkingar Norske Gaardnavne o.a. nannelitteratur har å by på.

Litteratur:

Jan de Vries, Altnordisches Etymologisches Wörterbuch. Leiden 1977.

Hallfrid Christiansen, Norske Dialekter III. De viktigste målmerker og deres råderom.

Ragnvald Iversen, Senjen-maalet. Lydverket i hoveddrag. Kra. 1913.

Birger Martinussen, Målet i Bø, auka utgåve 1973.

Kart: 1332 I ANDØRJA, 1232 III SORTLAND, 1132 II STOKMARKNES, LOFOTODDEN 1:100 000.